
Saksnr: 2021/20561-2
Saksbehandlar: Arnt Ola Fidjestøl

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		08.09.2021
Fylkesutvalet		21.09.2021

Høyring - forslag til endring i riksarkivarens forskrift - behandling av offentlege arkiv

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek høyringssvar på forslag til endring i Riksarkivarens forskrift - behandling av offentlege arkiv, i samsvar med brev oversendt frå administrasjonen dagsett 29.07.2021

.

Samandrag

Det er sendt ut framlegg til endringar i Riksarkivarens forskrift - behandling av offentlege arkiv. Høyringsfristen var 10.08.2021. Svaret var sendt frå administrasjonen innan fristen, med atterhald om skulle handsamast politisk i etterkant.

Fylkeskommunedirektøren rår til at Vestland fylkeskommune i hovudsak bør støtte endringane, men har enkelte kommentarar som går fram av høyringssvaret som er referert i saksframlegget.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I påvente av ny arkivlov vil Arkivverket forbetre og oppdatere riksarkivarens forskrift innanfor de rammer gjeldande arkivlov og arkivforskrift legger.

I denne høyringa foreslår Riksarkivaren å tydeleggjere visse krav i kapittel 2 og kapittel 3. Det er også forslag om å gjere endringar i kapittel 5 for å utvide statlege arkivskaperars tilgang til å inngå avtale med Riksarkivaren om avlevering av elektroniske arkiv med alternative metodar og format. I tillegg vert det opna for å tillate fleire filformat ved avlevering av elektroniske arkiv.

I kapittel 7 vert det foreslått å erstatte kassasjonsfrist med oppbevaringstid. Vidare vert det foreslått å endre § 7-11 og § 7-26 med å tillate kassasjon av rekruttering og tilsettingssaker. Det er også forslag om å innføre egne bevaringsreglar for saker om fagskular, folkehøgskular og kommunane sitt arbeid med tilskot til bustad

I kapittel 8 vert det foreslått å frita Arkivverket frå å følge OAIS- standarden og TRAC rammeverket når det er Arkivverket som er depotordning.

Grunna den korte tidsfristen vart det ikkje høve til å handsame høyringa politisk innan fristen. Vestland fylkeskommune har difor i samråd med Arkivverket sendt inn eit svar som berre er handsama administrativt, men med melding om at høyringsuttalen vil verte handsama politisk i etterkant.

Vestland fylkeskommune har gjort Arkivverket merksame på at tidsfristen var kort, og at samanfallet med avvikling av sommarferie var uheldig.

Innhaldet i uttalen samsvarer med det som ligg i denne politiske saka. I det følgjande gjengir vi høyringssvaret som vart sendt.

Høyringssvaret:

Vi har strukturert vårt høyringssvar nedanfor i tråd med Arkivverket sitt oppsett. Overordna kommentar

Arkivverket ynskjer å tydeleggjere språket i forskrifta for å unngå mistydingar. Vestland fylkeskommune synest dette er bra. Det vert i høyringsnotatet sagt at ein ynskjer å forbetre og oppdatere riksarkivarens forskrift innanfor dei rammer som gjeldande arkivlov og arkivforskrift legg. Vi meiner difor at det difor er naturleg at Riksarkivarens forskrift har same målform som arkivlova og arkivlovforskrifta, altså nynorsk. Dette sikrar at ord og uttrykk som skal bety det same, vert skrivne på same måte i lov og forskrifter.

Kommentarar pr. kapittel

Endring :

1. Tydeleggjere visse krav i kapittel 2 (Arkivlokaler og oppbevaring av arkiv) og kapittel 3 (Krav til arkivsystem og elektronisk behandling av arkivdokument) .

Våre kommentarar:

Vestland fylkeskommune støttar i hovudsak dei endringane som vert føreslått, men meiner presiseringa i § 2-1 første ledd «herunder elektroniske arkiv» er unødvendig, sidan definisjonen i arkivlova § 2 bokstavane a og b klart definerer kva som fell inn under omgrepet arkiv. Når det same omgrepet vert nytta i Riksarkivarens forskrift som er heimla i arkivlova, følgjer det av ei naturleg forståing av ordlyden at omgrepet skal ha same definisjon som den arkivlova legg til grunn.

Endring:

2. Endringer i kapittel 5 (Elektronisk arkivmateriale. Lagringsmedier, format og avlevering) for å utvide statlege arkivskaparar sin adgang til å inngå avtale med Riksarkivaren om avlevering av elektroniske arkiv med alternative metodar og format. Opne opp for fleire filformat ved avlevering av elektroniske arkiv.

Våre kommentarar:

Vestland fylkeskommune ser at det er ei rivande utvikling i på teknologisida for digital langtidslagring, og vi er positive til at ein legg opp til fleksible løysingar som gjer det lettare å velje dei beste løysingane. Vi har ingen kommentarar til endringane i kapittel 5.

Endring:

3. Endringer i kapittel 7 (Bevaring og kassasjon), der ein mellom anna vil erstatte omgrepet kassasjonsfrist med oppbevaringstid. Ein vil endre § 7-11 og § 7-26 ved å tillate kassasjon av rekruttering og tilsettingssaker. Det er også forslag om å innføre eigne bevaringsreglar for saker om fagskular og folkehøgskular og kommunens arbeid med tilskot til bustad.

Våre kommentarar:

Vestland fylkeskommune viser til formålet Arkivlova § 1 og forskrifta § 7-1 som handlar om å legge til rette for at dokumentasjonen vert teken vare på og gjort tilgjengeleg for ettertida. Vi ønskjer oss ei innstramming og ei presisering av vilkåra for å føre arkivmateriale ut av landet. Vi viser vidare til Arkivlova § 9b der det står følgjande:

«Utan i samsvar med føresegner gjevne i medhald av § 12 i denne lova eller etter særskilt samtykke frå Riksarkivaren, kan ikkje arkivmateriale
b. førast ut or landet, dersom det ikkje representerer ein naudsynt del av den forvaltningsmessige eller rettslege bruken av dokumenta»

Vi ser at dette er særleg aktuelt for dei analoge arkiva. Desse vert ofte sendt ut av landet for ordning og digitalisering. Med særleg omsyn til det rettslege og dokumentasjonsmessige innhaldet i desse arkiva, meiner vi den praksisen som har etablert seg er både uheldig og unødvendig. Praksisen er etter vårt syn i strid med ovannemnde paragraf, då det er enkelt å få utført dette arbeidet i Norge. Vi er også usikre på om det personlege straffeansvaret dersom dokumentasjonen skulle kome bort, i tilstrekkeleg grad er gjort kjent for offentleg forvaltning. Vi viser elles til Arkivverket si grunngeving for tydeleggjering av visse krav i kapittel 2 i forskrifta, og meiner denne tydeleggjeringa er vel så viktig her for å unngå dokumenttap.. Vestland fylkeskommune støttar endringa i § 7-3 om å erstatte omgrepet kassasjonsfrist med oppbevaringstid. Vi meiner likevel minimum oppbevaringstid er ei betre formulering enn oppbevaringstid før kassasjon då ei slik formulering antydgar at kassasjon vil skje. Dette vert også presisert på side 7 i høyringsnotatet der det vert vist til at kassasjon ifølgje arkivlova er ein rett, men ikkje ei plikt.

Vestland fylkeskommune har ingen synspunkt på vurderinga av enkeltdokumentasjon i personalforvaltninga, men ser at det vil vere kostnads- og ressurskrevjande å skilje ut denne dokumentasjonen frå den bevaringsverdige dokumentasjonen i personalforvaltninga. All den tid denne dokumentasjonen ligg i organa sine sakshandsamingssystem, meiner vi det er små føremoner ved å foreta denne kassasjonen samanlikna med ulempene ved å skilje det ut frå den bevaringsverdige dokumentasjonen.

Det blir foreslått eit tiende og ellefte ledd til § 7-28 knytt til elevdokumentasjon frå fagskular og folkehøgskular. Teksten er utforma med utgangspunkt i eit arbeid gjort av Viken fylkeskommune. Bevaringskriteria er meir detaljerte enn dei er for m.a. grunnskule og vidaregåande skule. Grunngevinga for dette er at Arkivverket ynskjer å få fram dei lokale variasjonane, då handlingsrommet for desse skulane er større enn hjå den enkelte fylkeskommune og den enkelte skule. Dette synest vi er klokt. Vi skulle likevel ynskje at forslaget til Viken fylkeskommune hadde fått ei breiare handsaming før det vart lagt inn i forskrifta. Viken fylkeskommune sitt bevaringsforslag burde blitt sendt på høyring til alle fagskular og folkehøgskular i forkant, slik at høyringsinstansane får eit breiare grunnlag for å vurdere bestemmelsane. Arkivverket ber om attendemelding i sitt høyringsbrev om underliggjande instansar som bør høyrast. Dette meiner vi bør gjerast her. Vestland fylkeskommune kan grunna den korte tidsfristen ikkje uttale seg om teksten er dekkande eller ikkje, i høve til kva som bør bevarast for fagskulane og folkehøgskulane. Det vil truleg også vere gjeldande for dei andre fylkeskommunane. Det vert då eit paradoks at grunngevinga for bevaringskriteria ligg i eit ynskje om å få fram dei lokale variasjonane.

Endring:

4. I kapittel 8 (Konvertering for digital bevaring) vert det føreslege å fritta Arkivverket frå å følge OAIS-standarden og TRAC-rammeverket når det er Arkivverket som er depotordning.

Våre kommentarar:

Arkivverket grunngjev sitt fritak med at dei «finner det nødvendig å skape et rettsleg handlingsrom slik at vi kan utfordre og utforske tilnærmingar til langtidsbevaring og tilgjengeliggjøring av arkiv. Vi foreslår derfor at kravet i § 8-1 fjerde ledd ikkje skal gjelde når Arkivverket er arkivdepot.»

Vestland fylkeskommune meiner Arkivverket her blandar sitt ansvar for faglege standardar og retningslinjer med rolla si som bevaringsorganisasjon for statlege arkiv. Det er etter vårt syn ingen prinsipiell forskjell på Arkivverket sitt arkivdepot og andre arkivdepot i denne samanhengen. Er dei faglege standarane og rammeverka vurderte og funne gode nok for Arkivverket, er dei det også for andre arkivdepot. Vi kan såleis ikkje sjå at Arkivverket skal kunne unntakas frå § 8-1 fjerde ledd.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Ingen konsekvensar

Klima:

Ingen konsekvensar

Folkehelse:

Ingen konsekvensar

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Endringane sitt fokus på tydeleggjering bidreg til at oppgåvene og rammebetingelsane for arkivvernet framstår tydelegare og soleis lettare kan relaterast til oppgåvene i den regionale planstrategien.